



Notat/melding

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.: 08/216	Doknr.: 87
Mottatt: 30 APR 2019	ASR/SEB
Saksbeh.: JAA	AKK.: 479
KOD:	ANSKT:

Til: Det kgl. Landbruks- og Næringsdepartementet

Frå: **HJARTDAL KOMMUNE**
3692 SAULAND

Til orientering
 Til Dykkar arkiv
 Etter avtale
 Returnert innan
 Til uttale
 Til godkjenning
 Svar innan
 Til underskriving
 Sendast til
 Til handsaming
 Retur med takk for lånet
 Til Dykk som rette vedkomande
 Viser til:

Stad og dato: Hjartdal kommune 28/4-08
 Sign.: Jørgeløper landsbucif

Formannskaps sak 029/08
 Svar vedlagt
 Høringsuttale - Endring
 i Odelsloven, konsesjons-
 loven og jordloven,
 besikelses- og bo- og
 driveplikt mm.

Hjartdal kommune

Styre, råd, utval	Møtedato	Saknummer	Sakshandsamar
Utval for næring og teknikk	14.04.2008	018/08	HH
Formannskapet	24.04.2008	029/08	HH

Saksansvarleg: Harald Helliksen	Arkiv: K2-V60	Arkivnr.: 2008000163
---------------------------------	---------------	----------------------

HØRING - ENDRING I ODELSLOVEN, KONSESJONSLOVEN OG JORDLOVEN, BESTEMMELSER OM BO- OG DRIVEPLIKT MM.

Dokument i saka:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	14.02.2008	Det kongelige landbruksdepartemen t	HØRING - ENDRING I ODELSLOVEN, KONSESJONSLOVEN OG JORDLOVEN, BESTEMMELSER OM BO- OG DRIVEPLIKT MM.

Vedlagde dokument:

Utdrag av dokument nr. 1, side 4-5 (samandrag) og sidene 64-68 (utkast til nye lovar).

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

Odelslova, konsesjonslova, jordlova.

Saksgang:

Utval for næring og teknikk gjev tilråding til Formannskapet som gjev uttale til Landbruks- og matdepartementet.

Bakgrunn for saka:

Landbruks- og matdepartementet har ved skriv av 05.02.2008 sendt ut på høyring framlegg til endringar i odelslova, konsesjonslova og jordlova. Svarfristen er sett til 05.05.2008. Framlegga frå departementet går fram av samandrag av høyringsnotatet (side 4 i notatet). Endringar som er foreslege i lovverket, går fram av vedlegg 1 (s. 64-68) i notatet, der framlegg til nye reglar er vist i *kursiv*.

I følgje departementet tek ein sikte på å oppnå reglar som er meir pårekelege på førehand, betre målretting og forenklingar. Dei fleste framlegga gjeld reglane om bu- og driveplikt, men det er og foreslege endringar i omfang av konsesjonsplikta og odelsretten og i reglane om forhold som har noko å seie for om ein skal gje konsesjon.

Landbruks- og matdepartementet gjer framlegg om:

1. At reglane om buplikt etter odelslova i hovudsak blir flytta til konsesjonslova, og at reglane om driveplikt etter konsesjonslova og odelslova flyttast til jordlova.
2. At buplikt skal oppstå ved overtaking av eigedom det er bygd på, med over 25 dekar dyrka mark, eller over 350 dekar produktiv skog.

3. At konsesjonsplikt skal oppstå ved overtaking av eigedom det er bygd på, med over 25 dekar dyrka mark. Arealgrensa på 100 dekar totalareal blir som i dag.
4. At kravet til odlingsjord blir 25 dekar dyrka mark eller 350 dekar produktiv skog.
5. At det blir spørsmål om arealgrenser når ein skal ta stilling til om det oppstår buplikt eller om det dreiar seg om odlingsjord. Det vil seie at ein korkje etter konsesjonslova eller odelslova skal gjere ei konkret vurdering av om eigedomen er ein "jord- og skogbrukseigedom" eller "kan nyttast til landbruksdrift".
6. At den som ikkje vil eller kan oppfylle buplikta, må søkje konsesjon, dvs. at moglegheita til å søkje fritak for buplikta fell bort, og at det blir gjeve nærare reglar konsesjonsvurderinga i desse tilfella.
7. At det blir gjeve nærmare reglar for vurderinga av om det skal stillast vilkår om buplikt ved konsesjon.
8. At buplikta berre kan oppfyllast ved at eigaren er registrert i folkeregisteret som busett på eigedomen.
9. At driveplikta skal gjelde jordbruksareal som kan drivast lønsamt, uavhengig av om det har skjedd ei overdraging, og vere varig.
10. At unntaket for slektskap kan opphevast der kommunen har innført forskrift om nedsett konsesjonsgrense.

Departementet ber og om synspunkt på om det bør innførast buplikt i kommunen ved overtaking av utmarkseigedom.

Vurdering:

Administrasjonen ser det slik at gjeldande lovverk i hovudsak ivaretek føremåla med desse lovane, jfr. § 1 i konsesjonslova og i jordlova. Vi kan derfor ikkje sjå at det i nokon serleg grad er behov for å endre (innskjerpe) desse lovene. Framlegget om ta bort moglegheita til å søkje fritak for buplikta, må ein kunne seie er ei relativt dramatisk endring i forhold til reglane i dag. Dette ville bli eit sterkt inngrep i fridomen til den enkelte, og vi har lita tru på at ei slik endring vil vere noko godt verkemiddel for å få til busetjing på bygdene. Etter vårt syn bør reglane vere meir lempelege ved overtaking innan familien enn ved overtakingar der kjøparen treng konsesjon. Framlegg om klarare arealgrenser ser ein som positivt. Det same gjeld framlegg til endringar når det gjeld driveplikt i forhold til jordbruksareal som kan drivast lønsamt. Administrasjonen sine synspunkt til dei enkelte punkta i framlegget frå Landbruks- og matdepartementet, jfr. punkta nemnt ovanfor:

1. At reglane om buplikt etter odelslova i hovudsak blir flytta til konsesjonslova: *tilrådest ikkje*. At reglane om driveplikt etter konsesjonslova og odelslova flyttast til jordlova: *tilrådest*.
2. *Tilrådest*.
3. *Tilrådest*.
4. *Tilrådest*.
5. *Tilrådest*.
6. *Tilrådest ikkje*. Reglane som gjeld no, bør ikkje endrast. Det er og lite truleg at endring vil medføre færre saker å handsame enn ved gjeldande regelverk.
7. *Tilrådest*.
8. *Tilrådest*. Den såkalla "50%-regelen" er det både ressurskrevjande og vanskeleg å handheve. (Denne regelen inneber at ein eigar som over tid overnattar på eigedomen minst 50% av nettene, men ikkje bur på eigedomen fordi resten av husstanden til eigaren er busett ein annan stad, kan få godkjent oppfylling av buplikta på denne måten.)
9. *Tilrådest*. Jordbruksareal som kan drivast lønsamt, bør haldast i hevd.
10. *Tilrådest ikkje*. For relativt kort tid sidan blei unntaket for slektskap opphevd der eigaren ikkje har hatt heimel til eigedomen meir enn 5 år før overdraginga. Dersom eigedomen har vore i slekta lengre enn dette, bør det framleis vere unntak for slektskap.

Det tilrådest ikkje buplikt for reine utmarkseigedomar. Slike eigedomar har oftast ikkje tun med bustadhus og andre bygningar slik som på eit vanleg gardsbruk. Eventuell buplikt (i kommunen) kunne i så fall gjelde for eigedomar med totalareal på minst 20.000 dekar.

RÅDMANNEN TILRÅR:

Utval for næring og teknikk viser til vurderingar/tilrådingar frå rådmannen og slutter seg til desse. Utvalet tilrår at Formannskapet gjev uttale til Landbruks- og matdepartementet i samsvar med rådmannen sine vurderingar og tilrådingar.

14.04.2008 Utval for næring og teknikk

Framlegg frå Morgan Wåle:

Utval for næring og teknikk tilrår at formannskapet støttar alle framlegga frå Landbruks- og matdepartementet når det gjeld punkta 1 t.o.m. 10 i dette framlegget.

NOT-018/08 TILRÅDING:

Utval for næring og teknikk tilrår at formannskapet støttar alle framlegga frå Landbruks- og matdepartementet når det gjeld punkta 1 t.o.m. 10 i dette framlegget.

Vedtaket var med 2 mot 1 røyst.

Når det gjeld reine utmarkseigedomar tilrådest ikkje buplikt.

Eventuell buplikt (i kommunen) kunne i så fall gjelde for eigedomar med totalareal på minst 20.000 dekar.

Vedtaket var samrøystes.

24.04.2008 Formannskapet

Framlegg frå Olav Tho:

- a) Buplikta blir ikkje avgrensa til 5 år, d.v.s. ho blir varig, men det kan søkjast om utsetting og fritak.
- b) Det bør innførast buplikt i kommunen for reine utmarkseigedomar som er større enn 5000 dekar, eller mindre dersom det er vedteke i lokal forskrift

FOR-029/08 VEDTAK:

Formannskapet støttar alle framlegga frå Landbruks- og matdepartementet når det gjeld punkta 1 t.o.m. 10 i dette framlegget.

- a) Buplikta blir ikkje avgrensa til 5 år, d.v.s. ho blir varig, men det kan søkjast om utsetting og fritak.
- b) Det bør innførast buplikt i kommunen for reine utmarkseigedomar som er større enn 5000 dekar, eller mindre dersom det er vedteke i lokal forskrift.

Vedtaket var samrøystes.

Rett utskrift: 28/4-08

HJARTDAL KOMMUNE

Yngelbørg Landsverk
Servicekontor

Utskrift til:

- Det Kgl. Landbruks- og Matdepartementet,
Postboks 8007 Dep, 0030 Oslo